

## REKNESKAP 2014

Rekneskapen viser eit netto driftsresultat på kr. 4.602.850,36.- og eit udisponert overskot på kr. 1.273.342,86

### Driftsrekneskap

#### Inntekter

Driftsinntektene er på ca. 94,5 mill. kr, ein auke på ca. 3,5% samanlikna med året før.

#### Utgifter

Driftsutgiftene ligg på ca. 92,6 mill.kr. noko som er ca 8,9 % høgare enn i 2013.

#### Einingane:

Resultat i høve budsjett (underskot med negativt forteikn)

	Rekneskap	Budsjett	Resultat
	2014	2014	2014
210/215 Stab/støtte	10 240 465,97	10 239 700,00	-766,00
215 Kultur	523 787,60	791 000,00	267 212,00
220 Barnehage	4 367 178,04	4 438 500,00	71 322,00
230/235 Undervisning/musikksk.	14 513 396,77	14 458 500,00	-54 897,00
240 Helse & sosial	6 367 116,08	6 155 500,00	-211 616,00
250 PLO	19 139 547,82	18 580 800,00	-558 748,00
270/280 Teknisk/landbruk	9 160 395,94	8 406 000,00	-754 396,00
290 Finans	-64 311 888,22	-63 071 000,00	1 240 888,00

Stab/støtte er i balanse. Kultur viser overskot på 267.212.-, grunna meirinntekter og reduserte lønsutgifter. Barnehagen med overskot på kr. 71.322 – og Undervisning underskot på kr. 54.897.- må begge kunna seiast å vera svært bra i høve til budsjettkontroll. Helse og sosial går med kr. 211.616 i underskot. Største avviket finn ein innan sosialhjelp, barnevern og støttekontaktar.

PLO viser eit underskot på kr. 558.748.- Hovudgrunnen finn ein her i sommaravviklinga med mangelfull styring og stor bruk av vikarbyrå.

Teknisk gjekk i 2014 med underskot på kr. 754.396. Det var det store snøfallet i slutten av året som skapte problem, og brøytebudsjett vart overskride med nær kr. 500.000.-

#### Brutto driftsresultat:

Er driftsresultat før finansrekneskapen: kr 1.909.273,42 som er 2% av driftsinntektene.

### Finansrekneskap

Resultatet av eksterne finanstransaksjonar er kr. -1.208.138,81, som er 2,85 mill. betre enn budsjettert. Hovudgrunnen til dette finn ein i god avkastning på kraftfondet og på låge renter på låna.

#### Netto driftsresultat

Etter finanstransaksjonane kjem ein fram til netto driftsresultat på kr. 4.602.850,36.- som er 4,8 % av driftsinntektene.

**Bruk og avsetjing til fond i driftsrekneskapen:**

Det er brukt kr. 5.125.805,26.- av fond og avsett kr. 8.455.312.-

Av bruken er kr. 221.578.- av disp.fond og kr.1.554.961.- frå bundne fond. på er avsett

Det er avsett kr. 4880691,76.- til disp.fond. Av dette er kr. 1.000.000 budsjettert  
overskotsavsetning og kr. 3.319.265,76 udisponert overskot frå 2013

Avsetjing til bundne fond utgjer kr. 3.574.621.- Av dette er kr.2.700.000- avsette  
tilskotsmidlar frå Husbanken.

**Rekneskapsmessig resultat**

Resultatet etter avsetjingar og bruk av avsetjingar er kr 1.273.342,86 (Udisponert overskot)

**Investering:**

Det er i 2014 investert for kr. 13.439.330.-.

Største investeringa har vore tilrettelegging av nye bustadfelt med kr. 7,8 mill. Vegnettet er  
rusta opp for kr. 2,4 mill.

Ny brannbil er innkjøpt for 655.671.- av tilskotsmidlar frå vegvesenet.

Det er teke opp kr. 6,1 mill. i lån til investeringar i 2014. resten av investeringane er  
eigenfinansiert.

Det er teke opp 4.1 mill. kr. i nye startlån i 2014. Av dette er

kr. 2.550.000.- vidareformidla til huseigarar i heradet. Resten er gått til dekking av utlån i  
2013.

**Balansen:****Aktiva:**

Sum eignedelar er bokført pr. 31.12.2014 med kr. 309.667.087,09

Heradet hadde pr. 31.12.2014 kr. 17.107.775,70 i banken, og kr. 27.487.547.- plassert i ulike  
fond i finansmarknaden. Bokførte pensjonsmidlar er kr. 95.604.753.-

**Passiva:**

Lånegjelda utgjer pr. 31.12.2014 kr. 64.582.816.- og er auka kr.7.084.877.- frå året før.

Av lånegjelda er kr. 14.567.000.- vidareformidla startlån frå husbanken.

Netto lånegjeld pr. innbyggjar er kr. 54.365.-. Berekna pensjonsansvar er kr 134.184.122.-.

**Sluttkommentar:**

Største avvika i høve til budsjett finn ein innan vikarutgifter i pleie og omsorg og på teknisk  
etat sitt brøytebudsjett. Bortsett frå dette har ein hatt bra budsjettkontroll.

Heradet hadde også eit bra år i finansmarkedet med god avkastning på "Kraftfondet",  
samstundes som ein hadde gunstig rente på lånegjelda.

Samla sett gjer dette at ein kjem ut med eit ok resultat i 2014.

Arne Nedkvitne

Øk.sjef